**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*».

2. Handlingsprogramment som tidlegare har vore rullert årleg, skal no gjelda for 2018 og 2019. Naudsynte justeringar i høve til budsjettet for 2019 må likevel gjennomførast i 2018

3. Det vert sett av 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Etablerarfonda er ei tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner.

4. Omstillingsutvalet vert styringsgruppe for 9.0 mill. kr som er sett av til omstilling.